

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/19	Plan- og miljøutvalet	PS	27.03.2019
022/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	16/787

Reguleringsplan Eikefet og Urdal - Steinbrot og deponi - Endring - 2.gongs handsaming - planID 1263-201107

Vedlegg :

Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Planskildring 150618Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Plankart 240119Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Føresegner 240119Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomberegning 090418Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomsonekart 020518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomsonekart 030518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi SkredfarekartRegplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Skredfarevurdring 100518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Støysonekart 290317SAK PMU 113-07 181017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å godkjenne endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi, planID 1263-201007.

1. Gjeldande plandokument vert planskildring (15.6.2018), føresegner (24.1.2019) og plankart (24.1.2019) i målsestokk 1:3000 i A0.

Plan- og miljøutvalet - 037/19

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PM - vedtak:

Innstilling frå Plan- og miljøutvalet 27.03.2019:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å godkjenne endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi, planID 1263-201007.

1. Gjeldande plandokument vert planskildring (15.6.2018), føresegner (24.1.2019) og plankart (24.1.2019) i målsestokk 1:3000 i A0.

Kommunestyret - 022/19

KO - behandling:

Framlegg frå S.Toft-V:

Kommunestyret sender reguleringsplanen tilbake til plan- og miljøutvalet for å få saka meir utgreidd knytt til alternativ sluttbruk av området.

Framlegget fekk 7 røyster og fall (S.Toft-V, Ø.Moldeklev-Frp, A.Bakken-MDG, L.E.Gullanger-Sv, J.Vassdal-Sp, A.Valle-Sp og H.Reigstad-Sp)

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vert vedteke med 24 røyster.

KO - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å godkjenne endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi, planID 1263-201007.

1. Gjeldande plandokument vert planskildring (15.6.2018), føresegner (24.1.2019) og plankart (24.1.2019) i målestokk 1:3000 i A0.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet og avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Reguleringsplanen er utarbeidd av Multiconsult for Lindum AS og Oster Utvikling AS. Føremålet med reguleringsendringa er å legge til rette for etablering av deponi for mottak av ureine masser innanfor tidlegare steinbrot som i dag fungerer som sedimenteringsbasseng for steinbrotet.

Nytt sedimenteringsbasseng for den ordinære drifta må etablerast for å kunne ta i bruk det gamle steinbrotet til deponi. Vidare er det lagt til rette for utbetring av tilkomst til området og opna opp for etablering av reinseanlegg. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for det nye tiltaket som vert gått gjennom under.

Planområdet omfattar heile planområdet for reguleringsplanen Eikefet-Urdal, utviding av steinbrot som vart vedteken i 2012. Denne planen tok for seg ei utviding av aktiviteten for å kunne nytte meir areal til uttak av stein i området.

Høyring og offentleg ettersyn

Plan- og miljøutvalet gjorde i sak 113/17, 18.10.2017 vedtak om at framlegg til endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og Deponi, kunne leggjast ut til høyring og sendast på offentleg ettersyn. Framlegget til plan låg ute i perioden 08.11.2017 – 20.12.2017.

I høyringsperioden kom det inn til saman 9 innspel, 7 frå offentlege organ og 2 grunneigar, inkludert motsegn frå Noregs vassdrags og energidirektorat. Motsegna gjaldt ROS-analyse og kartlegging og sikring i høve til naturfare. Det er elles merknader til mellom anna natur- og miljøtilhøve, handtering av elektriske anlegg, belastning på veg og framkommelighet, tryggleik og forureining.

I det følgjande er ein kortfatta gjennomgang av alle innspel. Konsulent er bedt og å gje si vurdering og innspela er kommentert frå Lindås kommune der det er naudsynt. Vidare er ein nærare gjennomgang av motsegn frå NVE og tilhøvet i nokre av grunneigarar sine innspel.

Offentleg ettersyn	Merknad / innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
Statens vegvesen	<ul style="list-style-type: none"> • Dette er endring av tidlegare godkjent plan, etablering av deponi, etablering av nytt sedimaentasjonsbasseng, utbetring av tilkomst • Oppstartsmelding (tema frå SVV), tiltak ved E39, KU (Støy og ureining) • Løysingar for E39; framlegg til plan er ikkje lik godkjent plan, må endrast slik at det syner same løysing og føremål 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Areal i plankart o_SAA er den del av reguleringsplan for ny E39 Eikefet-Romarheim (PlanID: 1263-201203) som overlappar planforslaget • Det vil sei at planen til vegvesenet er gjeldande innanfor dette arealet. Løpenummer på vegar i plankartet er endra som følgje av dette • Andre verknader for E39-planen er omtalt i kapittel 7.1 <p>Lindås kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Justert framlegg tek i vare gjeldande reguleringsplan for E39 Eikefet - Romarheim
Bergen Omland Hamnevesen	<ul style="list-style-type: none"> • Delegert mynde til lov om havner og farvann, føremål god framkomelegheit, trygg ferdsle og farsvarleg bruk og forvaltning • Framlegg ikkje i konflikt med forvaltningsansvar ker på: <ul style="list-style-type: none"> • Bi-led, Ystasundet (Kystverket) • Gytefelt torsk, Ystasundet (Fiskeridirektorat) • Tiltak i sjø krev godkjenning (BOH) 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planforslaget er avgrensa til å ikkje omfatte Bi-led 2263 Molviksundet som går via Ystasundet • Gytefelt for torsk aust av Fyllingsnes går heilt inn mot plangrense. Planforslaget fører ikkje til endringar som gjer at tåleevna til økosystemet i fjorden vert nådd • Tiltakshavar er kjent med regelverk knytt til godkjenning for tiltak i sjø
DMF (DIRMIR)	<ul style="list-style-type: none"> • Forvaltning og utnytting av mineralske ressursar • DMF vart ikkje varsla om oppstart, ber om at dette rettast i framtida • Føresegn 7.8 må endrast til ordinær føresegn da det ikkje er fatta vedtak om bandlegging etter minerallova for området 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Område tidlegare vist som omsynssone H740 • Bandlegging etter minerallova er tatt ut av planforslaget
BKK AS (Eigedom)	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre tilkomst til eigedom gnr 224 bnr 1, 2, 3 og 5, dersom plan eller tiltak rører ved eksisterande må tiltakshavar her sikra ny eller tilsvarande tilkomst 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planforslaget opnar for utbetring av avkøyrsløp ved Store Aurdal • Planlagt tiltak vil ikkje påverke eksisterande veg mot Aurdalen og eigedomane til BKK
BKK NETT AS	<p>Felles for elektriske anlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilkomst og terrengendringar • Innteikning på plankartAnlegg etablert etter områdekonsesjon (distribusjonsnett) • Eksisterande høgspennings luftledning • Eksisterande høgspenningskablar • Behov for ny nettstasjon – samt tilhøve til eksisterande frittliggande nettstasjon – er det behov?, eigne bygg eller rom i eksisterande, byggjeavstand, areal, føresegn 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er sett av areal til faresone for Høgspenningsanlegg • Kabelanlegg i bakken er ikkje teikna inn i tråd med BKK sine retningslinjer • Eksisterande luftleidningar er teikna inn i plankartet med tilhøyrande faresone • Det er ikkje satt av areal til nettstasjon, men det skal vere tilstrekkeleg areal innanfor midlertidig anleggssone til å flytte høgspenningsmast og transformator ved behov • Planlagt tiltak er ikkje venta å krevje behov for ny nettstasjon

Offentleg ettersyn	Merknad / innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
<p>NVE</p> <p>Kystverket</p>	<p>MOTSEGN</p> <p>ROS-analyse</p> <ul style="list-style-type: none"> • ROS analyse ikkje er gjennomført med tilstrekkelig kvalitet • Potensiell flaum- og skredfare som ikkje er tilstrekkelig utgreidd <p>Naturfare</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planen generelt opnar for inngrep i verne vassdrag som det ikkje er gjort greie for er naudsynt • Heller ikkje konsekvensvurdert i høve til ålmenne interesser i vassdrag <p>Kystverket</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kystverket les framlegg til plan som at all transport til deponi skal skje på E39 • Viss sjøtransport og hamnverksemd ikkje er inkludert har dei ikkje merknadar til planen 	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • ROS-analyse er gått gjennom på nytt når det gjeld flaum- og skredfare • Det er gjennomført nye skred- flaumvurderingar for planområdet i samsvar med krav stilt i TEK17 • Det er lagt inn nye skred- og flaumfasesoner i plankartet med bakgrunn i utgreiingane • Føresegn 6.2 er endra. Det er ikkje tillate å gjere nye inngrep i Eikefetelva <p>Lindås kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjå eiga punkt nedan for <p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> • Transport av massar vil i hovudsak komme frå E39 • Føresegn om at Kai SK2 opnar for transport av massar som vert lagra ved f_BL1. Dette gjeld opphøveleg reguleringsplan • Transport til deponiet blir gjort via E39
<p>Invid Våg (gnr 220 bnr 6 og 9)</p>	<p>Eigedomstilhøve</p> <ul style="list-style-type: none"> • Som grunneigar ikkje kjent med at Oster Utvikling AS har avtale om etablering av deponi – ber om at det fremlagges <p>Friluftsliv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rekreasjonsområder med utgangspunkt frå Urdalen • Veg opp Urdalen er mykje brukt til tur /rekreasjon og parkering vert gjort fleire stader • Kombinasjonen ferdsle, parkering og tungtrafikk kan verte utofdrande og korleis dette skal løysast går ikkje fram av KU eller framlegg til avbøtande tiltak! <p>Forureining</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uroa for situasjonen knytt til ureining, krev utredning for kva type stoff, mengde, nedbrytingstid og konsekvens • Påstår at etter OPS har auka drift og mykje av fisken i indre del av fjorden vorte borte, området tåler ikkje auka ureining • Påstår at eksisterande ureining frå avrenninga frå steinbruddet er større enn skildra, mellom anna er ikkje dei store (auka?) nedbørsmengdene teke omsyn til i KU • Eksisterande sedimenteringsbasseng klarar i dag ikkje å ta unna volumet med forureina vatn • Må stillast krav til nytt basseng og etablerast reinseanlegg • Konsekvensane av auka transportaktivitet i Urdalen • Skildra betydeleg auke av tungtrafikk, kan gje risiko for øydelagt brofeste til tilkomstveg, må sikrast av tiltakshavar avlastingsplass 	<p>Eigedomstilhøve</p> <p>Private tilhøve (Lindås kommune)</p> <p>Konsulent</p> <p>Friluftsliv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rekreasjonsområder med utgangspunkt frå Urdalen • Veg mot Aurdalen er ein av innfartane til Stussdalen og Husafjellet • Ved realisering av tiltaket ventar ein opp til ti store køyretøy i døgnet • Planforslaget hindrar ikkje annan bruk av vegen. <p>Forureining</p> <ul style="list-style-type: none"> • For drift av steinbrot og deponi vert det vist til gjeldande konsesjon • Planforslaget har greia ut tilhøve knytt til etablering av deponiet • Med tanke på avrenning frå steinbrotet vert det vist til KU frå 2012 • Eksisterande krav til sedimentbasseng for steinbrotet vert vidareført. I planforslaget er det satt av areal til ytterlegare sedimentering aust for steinbrotet ved behov • Det er stilt krav til reinseanlegg i føresega • Tiltakshavar har vurdert eksisterande bruer som tilstrekkeleg utbygd med tanke på planlagt trafikkauke

Offentleg ettersyn	Merknader / Innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
Oddvar Urdal (gnr bnr)	<p>Oppbygging av Urdalsvegen gjer avkøyring til privat veg vanskeleg og mellom anna må avlastning av hestar skje på vegen, etablerer</p> <ul style="list-style-type: none"> Rideaktiviteter og auka transport kan verte utfordrande, det må etablerast trygg gang-/rideveg, eventuelt andre alternativ tek i vare trygg ferdsle <p>Støy Støynivået i dalen vil auke og det må gjerast støyberekning om korleis dette vil påverke tilhøva på min eigedom, ønskjer krav om årlege støymålingar</p> <p>Kryss E39 – Urdal</p> <ul style="list-style-type: none"> I høve OPS skal kai nyttast til utskiping og aktuelt for mottak til deponi, bygg ein bru over E39 ved Utnestunellen slepp ein kryssing av E39 ved lastning og lossing, unngår inngrep på dyrka mark <p>Anleggstid</p> <ul style="list-style-type: none"> Drift i anlegget må begrenast til 06-22 og køyring 07-19, elles opphald helg og helligdagar <p>Ureining</p> <ul style="list-style-type: none"> Sikra redusert avrenning og gjerast undersøkingar <p>Nedslagsfelt</p> <ul style="list-style-type: none"> Feltet til Urdalselva er endra, må gå fram av kart kor stor denne endringa er og vurdere naudsynte sikringstiltak Undersøking av vasskvalitet og fisk i Urdalselva må vere i krav 	<ul style="list-style-type: none"> Planforslaget legg ikkje opp til begrensingar av eksisterande bruk på vegen opp til Aurdalen. <p>Støy For støy vert det vist til kapittel 8 og 9.3 i planskildring</p> <p>Konsulent Kryss E39 – Urdal</p> <ul style="list-style-type: none"> Kai SK2 opnar for transport av massar som vert lagra ved f_BL1. Dette er ikkje endra i høve opphavelag reguleringsplan Transport av massar til deponiet vil komme frå E39 Planlagt ny avkøyrsløse er dimensjonert for denne trafikken. <p>Anleggstid</p> <ul style="list-style-type: none"> Drift i anlegget vil vere del av konsesjonssøknad <p>Ureining</p> <ul style="list-style-type: none"> Det vert vist til kapittel 9.3.5. av planskildringa <p>Nedslagsfelt</p> <ul style="list-style-type: none"> Det vert vist til kapittel 5.9 for kart over nedbørsfelt. I plankartet er det vist sone for flaumfare (H320) med tilhøyrande føresegn §7.4 Krav til dokumentasjon av vasskvalitet inngår som del av konsesjonssøknad til Fylkesmannen

Vurdering

Motsegn frå NVE

Motsegna frå NVE gjeld i liten grad sjølv endringa av plan. I det heile planområdet er teke med i planarbeidet er det opning for fagmyndighet som til dømes NVE å sjå på alle tema knytt til risiko- og sårbarhet for heile planområdet. Det same gjeld tilhøve for flaum- og skredfare og opninga for flomforbyggjande tiltak i Eikefetelva som er eit verna vassdrag.

Konsulent har utarbeidd ny ROS-vurdering og gjort kartlegging knytt til flaum både i Eikefetelva og det mindre Urdalsvassdraget. Grunnlagsarbeidet gav ikkje grunn til vesentlege endringar i plandokumenta, men det er gjort justeringar i kart og førsegn. Etter at nye plandokument vart utforma har det vore gjennomført avgrensa høyring og avklarande dialog mellom NVE, Statens vegvesen, konsulent og Lindås kommune.

Innspel frå grunneigarar

Under høyringa har ein motteke innspel frå to grunneigarar som i hovudsak gjeld trafikkkløysing, tilhøve knytt til auka trafikk og forureining.

Trafikkkløysing og belastning

Anlegget baserer seg på at massane til deponiet skal kome på bil og på E39. Difor er fokus på å gjere ei naudsynt utbetring av avkøyrsla frå E39 og inn på «Urdalsvegen» (f_SKV6 og 8). Utforminga må vere slik at naudsynt trafikktryggleik knytt til avkøyring vert teken i vare. Nytt kryss og busslomme må vere opparbeidd før ein kan ta deponiet i bruk og ligg i krava om rekkjefølgje (føresegna § 1.6.3)

Når det gjeld sjølve «Urdalsvegen» er det verken i gjeldande eller framlegg til endra plan skildra behov eller ønskje om utbetring eller omlegging av vegen frå tiltakshavar si sida. Det er innspel frå ein grunneigar som er for auka trafikkbelastning i høve til turgåarar og eiga aktivitet knytt til vegen.


Tiltakshavar skildrar at ein ser føre seg eit trafikkvolum på 10 køyretøy i døgnet, men talet vil nok variere. Aukinga skjer i tillegg til transport av stein som i sklidringa er planlagt fram til 2076. Vesentleg lengre enn ein ser føre seg tida for fylling av deponiet. Vegen har vore ein del av planområdet og driftsveg for steinbrotet i lang tid. Ein kan nok ikkje underslå at sjølv om ein skal vise omsyn og ta i vare fleire brukarar av vegen har næringsverksemenda ei form for prioritet. Det er over tid gjeve løyve til drift og ein har lagt til grunn ein akspet for dei verknadane drifta har for omgjevnadane når det gjeld bruk av vegen.

Ein ser ikkje føre seg at det vil vere aktuelt eller naudsynt å påleggje tiltakshavar ansvar for å etablere eigen «turveg» knytt til andre aktivitetar langs Urdalsvegen. Viss det skulle vore aktuelt å vurdere slikt tiltak måtte anna aktivitet både vore etablert før steinbrotet vart etablert og om ikkje anna ha både omfang og volum i ein betydeleg storleik.

Det er nok usemje i vurderinga om kor stor belastning den auka aktiviteten vil gje for andre brukarar. I høve til rammene for dagens aktivitet synast aukinga ikkje å vere så vesentleg at det skal vere naudsynt å gjere utbetringar eller særskilt tilrettelegging på eller langs Urdalsvegen. Ein er i utgangspunktet samd i vurderinga som ligg knytt til verknad av planframlegget og i KU knytt til trafikktilhøve.

Forureining

Når det gjeld sigevatn forureining knytt til arbeidet og drift av deponi er drift av deponi basert på løyve frå Fylkesmannen. I løyve vert det set ramme for korleis rensing eller filtrering av sigevatn skal løyses. Eventuelle driftsmessige vilkår vert sett i dette løyvet.



Utsnitt Kryss E39 – Urdalsvegen – Plankart 241.2019

Reinseanlegg for sigevatn frå deponiet skal etablerast innan for område f_BL1.

I høve til krava om rekkjefølgje, § 1.6.4 i føresegna, skal naudsynt reinseanlegg vere etablert før det vert gjeve løyve til fylling i deponiet.

Justert framlegg

Med bakgrunn i dei rammene som var gjeve i motsegna vart det gjennomført nytt grunnlagsarbeide knytt til ROS, herunder fornya skredfarevurdring, flaumkartlegging og vurdering av behov for inngrep i verna vassdrag. I sum fant ein i likevel at det i liten grad var naudsynt å endre plandokumenta (skildring, kart og føresegn) etter at grunnlagsdokumenta og ROS-analyse vart justert.

Justert planframlegg som følgje av motsegna frå NVE vart sendt på avgrensa høyring 29.10.2018 og det kom inn ny merknad frå Statens vegvesen og NVE. Med grunn i innspela blei det gjennomført eit fellesmøte og gjort endringar i plankartet. Etter siste endring har Statens vegvesen akseptert framlegget og Lindås kommune mottok 20.2.2019 melding om at NVE trakk motsegna. Seinare stadfesta av Fylkesmannen i Vestland.